



Tor Lien  
Kalfarveien 35 i  
5018 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1929 - 18/1612

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
17.01.2018

## Avvisning av søknad om legalisering av kai - gbnr 212/66 Eikanger øvre

**Administrativt vedtak. Saknr: 022/18**

**Tiltakshavar:** Tor Lien  
**Ansvarleg søkjar:** Tor Lien  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av kai.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.06.16.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 20.07.17 med frist for supplering sett til 14.09.17.

Følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Søknad om løyve til tiltak innsendt av ansvarleg føretak med tilhøyrande dokumentasjon.
2. Fagmessig utført teikningsmaterieil - situasjonsplan, samt plan-, snitt- og fasadar av front. Teikningar skal vere målsett og i målestokk.
3. Søknad om dispensasjon frå KPA § 1.1 plankravet.
4. Søknad om dispensasjon frå føremålet bruk og vern av sjø i KPA.
5. Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø.
6. Dokumentasjon på gjennomført nabovarsling (blankett nr. 5155 og 5156), de kan nytte vedlagd naboliste.



Søknaden er ikkje supplert og søker har i e-post datert 11.01.18 bedt om at saka vert handsama.

### **Planstatus**

Eigedomen er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA). Arealet på land er sett av til fritidsbustad, medan arealet i sjø er avsett til bruk og vern av sjø.

### **Dispensasjon**

Det omsøkte tiltaket krev at det vert søkt om og gjeve dispensasjon frå følgjande:

1. Plankravet i KPA § 1.1 – krav om utarbeiding av reguleringsplan.
2. Arealføremålet bruk og vern av sjø.
3. Byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel.

### **Søknadsplikt**

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1. Då det ikkje er levert inn teikningar av tiltaket har ikkje kommunen hatt høve til å vurdere omfanget av det ein no søker om løyve til å etablere.

Ei førebels vurdering er at omfanget av tiltaket er av ein slik karakter at det krev bruk av ansvarleg føretak, og er søknadspliktig etter pbl. § 20-2 bokstav a jf. § 20-3.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Då det ikkje er levert inn korkje teikningsmateriell eller naudsynte søknadar om dispensasjonar har kommunen ikkje hatt høve til å ta stilling til tiltaket det vert søkt om og heller ikkje kunne sende søknaden på høyring til regionale og lokale styresmakter.

### **Nabovarsel**

Det vart i vårt skriv datert 20.07.17 gjort merksam på at tiltaket og naudsynte dispensasjonar krev nabovarsling. Tiltaket er ikkje dokumentert nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### **Plassering**

Det er ikkje gjort greie for plassering eller storleik på tiltaket, avstand til nabogrenser, terreng inngrep, gangtilkomst m. v. Det er heller ikkje i søknad gjort greie for omfanget av tiltaket.

### **VURDERING:**

Det er søkt om legalisering av oppført kai på eigedom gbnr. 212/66. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 jf. §§ 20-2 bokstav a og 20-3 tiltak med krav om bruk av ansvarleg føretak.

Det er ikkje levert inn teikningsmateriell.

Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå plankravet i KPA § 1.1 – krav om utarbeiding av reguleringsplan, frå arealføremålet bruk og vern av sjø og byggegrense mot sjø.

Tiltaket krev nabovarsling.

### **Kommunen si samordningsplikt**

Tiltak i sjø krev godkjenning etter hamne- og farvasslova, det er ikkje innhenta vedtak/uttale frå nemnde mynde.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

#### **VEDTAK:**

**Søknad om løyve til etablering av kai på eigedom gbnr. 212/66 vert avvist.**

#### **Avvisningsgrunnlag:**

1. Tiltaket krev søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 jf. §§ 20-2 bokstav a) og 20-3.
2. Det er ved søknad ikkje levert inn gjennomføringsplan eller erklæring om ansvar jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav p og q.
3. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, søknaden kan ikkje handsamast før det ligg føre dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 20-2, 1.ledd 2.punktum, jf byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav e og k.
4. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå arealføremålet bruk- og vern av sjø gjeve i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, søknaden kan ikkje handsamast før det ligg føre dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 20-2, 1.ledd 2.punktum, jf byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav e og k.
5. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå byggegrense mot sjø i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023, søknaden kan ikkje handsamast før det ligg føre dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 20-2, 1.ledd 2.punktum, jf byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav e og k.
6. Det er ikkje levert inn teikningsmateriell i samband med søknad jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav m.
7. Det er ikkje levert inn situasjonsplan som syner plassering og omfang av tiltak jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav i, j og m.
8. Søknad er ikkje nabovarsla. Tiltaket skal nabovarslast jf. plan- og bygningslova § 21-3, jf. byggesaksforskrifta § 5-4 bokstav n.
9. Tiltaket krev at det vert innhenta løyve frå Bergen og Omland hamnevesen i høve hamne- og farvass lova jf. plan- og bygningslova § 21-5 jf. byggesaksforskrifta §§ 6-2 bokstav c og 5-4 bokstav o.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1929**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Tor Lien

Kalfarveien 35 i

5018

BERGEN

**Mottakarar:**

Tor Lien

Kalfarveien 35 i

5018

BERGEN